



Mandat for arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet

Fastsatt av Kirkerådet 11. februar 2022, jf. Kirkemøtets vedtak i sak KM 25/21.

1. Formål

Formålet med arbeidsgjevarutvalet er å utøve arbeidsgjevaransvaret som er lagt til Kyrkjerådet, innanfor dei overordna føringane Kyrkjerådet gir.

2. Oppdrag/oppgåver

- a) Arbeidsgjevarutvalet set i verk Kyrkjerådets vedtak der Kyrkjerådet har fastsett overordna arbeidsgjevarpolitiske føringar.
- b) Arbeidsgjevarutvalet fastset lønns- og personalpolitiske retningslinjer.
- c) Arbeidsgjevarutvalet initierer og gjev innspel til saker om endring av arbeidsgjevarrelatert regelverk for Den norske kyrkja.
- d) Arbeidsgjevarutvalet uttaler seg om eller tek stilling til tariffrelaterte og tariffrettslege spørsmål.
- e) Arbeidsgjevarutvalet forvaltar medlemskapen i KA – Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter.
- f) Arbeidsgjevarutvalet røystar over tariffavtalar (uravrøysting). I saker der forhandlingsresultatet overgår Kyrkjerådets budsjetttrammer, må sak vedkomande økonomiske konsekvensar leggjast fram for Kyrkjerådet for budsjettrevisjon.

3. Samansetjing

Arbeidsgjevarutvalet har fire medlemmer, valt av og mellom Kyrkjerådets medlemmer. Arbeidstakarar i Den norske kyrkja kan ikkje veljast som medlemmer av utvalet. Preses er unntatt dette.

4. Reglar for verksemda

Reglar for Kyrkjerådets verksemd vert lagt til grunn for arbeidsgjevarutvalet så langt dei passar.

5. Rapportering

Arbeidsgjevarutvalet rapporterer til Kyrkjerådet. Protokollar frå møte i Arbeidsgjevarutvalet sendast Kyrkjerådet fortløpande.